

Saksbehandlar: Guro Høyvik, Kulturavdelinga
Sak nr.: 14/10-19

Tildeling av spelemidlar 2014, klage frå Førde kommune

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Klaga frå Førde kommune over hovudutval for kultur sitt vedtak i sak 29/14 om avslag på søknad om spelemidlar 2014 til Hafstadparken vert ikkje teken til følge.
2. Saka vert sendt Kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

1. Klage frå Førde kommune, datert 21.08.2014
2. Avslag på spelemidlar av 29.07.14

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. HK-sak 29/14 av 27.05.2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Førde kommune klagar i brev av 21.08.2014 på hovudutval for kultur sitt vedtak i HK-sak 29/14 - *Fordeling av spelemidlar til idrettsanlegg i kommunane 2014*, der søknader om spelemidlar til fleire anleggseiningar i Hafstadparken fekk avslag. Klagen gjeld følgjande anleggsnummer: 1432 0091 01, 1432 0091 02 (kunstgrasbaner fotball), 1432 0091 14 (sandvolleybaner), 1432 0091 15 (skatepark), 1432 0091 16 (friluftslivanlegg) og 1432 0091 17 (rulleskiløype).

Førde kommune sin klage er grunngjeven i:

- avgjerda er bygd på feil faktum
- saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst (utgreiingsplikt), jf. forvaltningslova (fvl) §17
- søknadane er ikkje realitetshandsama og dette kan ha påverka resultatet, jf. fvl. §41

Subsidiært held klagar fram at kulturavdelinga ikkje har oppfylt rettleiingsplikta, jf. fvl. § 11

Fylkeskommunane forvaltar spelemiddelordninga etter fullmakt frå Kulturdepartementet. Departementet har fastsett særskilte krav til prosedyre og handsaming av søknadene. Desse krava er å finne i publikasjonen «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V- 0732».

Forvaltningslova gjev søkjarar rett til å klage over vedtaket som er gjort av fylkeskommunen, jf. Forvaltningslova § 28 andre ledd. Kulturdepartementet, v/idrettsavdelinga, er klageinstans for vedtak som er gjort av fylkeskommunen i saker som gjeld tildeling av spelemidlar. Ei klage skal først handsamast av den som har gjort vedtaket (hovudutval for kultur). Dersom utvalet ikkje finn grunnar som gjev klagaren medhald, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Førde kommune har klaga innan fristen.

Fylkesdirektøren viser også til at Førde kommune i denne saka har to rollar. Dei er utbyggjar og dermed også søkjar på spelemidlar. Samtidig ligg det klart eit forvaltningsansvar til kommunen jf. føresegnene punkt 6.1.4 som slår fast at det er Førde kommune sitt ansvar å syte for at alle spelemiddelsøknader frå kommunen er *fullstendige, og at naudsynte vedlegg ligg føre*.

2. Klage frå Førde kommune - klagegrunnlag

I samband med klagehandsaming legg fylkesdirektøren vekt på følgjande tre tilhøve:

- Om klagar kan påvise sakshandsamingsfeil
- Om det ligg føre nye opplysningar i saka
- Bruk av skjøn

Førde kommune sin klage er grunnjeven i følgjande forhold:

Klaga meiner at grunnjeven «ein manglar rett til bruk av grunn» for avslaget på søknadane byggjer på eit faktum som fylkesdirektøren hadde kunnskap om at ikkje var rett. Klaga viser til møte mellom kulturavdelinga og Førde kommune, der det vart orientert om den rettslege grunnvervsprosessen, men at kommunen hadde bruksrett til areala. Klaga viser også til tidlegare tildeling av spelemidlar til Bystien, der grunnvervsprosessen ikkje var fullført.

Klaga meiner at det er eit brot på utgreiingsplikta i fvl § 17 når det ikkje vart innhenta informasjon som stadfesta dei faktiske forholda, med bakgrunn i at fylkesdirektøren visste at Førde kommune for alle praktiske føremål hadde rett til grunnen.

Klaga meiner søknadane ikkje er realitetshandsama, fordi fylkeskommunen av slo søknadane på formelt grunnlag, og at dette høgst truleg har påverka resultatet. Klaga meiner at ei realitetsvurdering av søknadane kunne gitt eit anna resultat enn avslag, og at vedtaka difor må opphevast som ugyldige.

Subsidiært held klaga fram at fylkesdirektøren ikkje har oppfylt rettleiingsplikta jf. fvl § 11. Klaga peikar særleg på at det ikkje har vore varsla at tidlegare praksis ville verte endra, og at ei endring skulle vore varsla i god tid før frist for å søkje om dispensasjon 15. november 2013. Ein slik søknad ville etter klaga si mening truleg blitt godkjent, og søknadane kunne difor blitt realitetshandsama. At rettleiingsplikta ikkje er oppfylt betyr at prosessane ikkje blitt føreseielege, slik lova føreset, og klaga meiner dette brotet bør føre til ugyldigheit.

3. Vurderingar og konsekvensar

Sakshandsamingsfeil

Klaga held primært fram at avgjerd om avslag i denne saka er bygd på feil faktum, brot på utgreiingsplikta, jf. fvl. § 17 og at ei manglande realitetshandsaming har påverka resultatet, jf. fvl. §41.

Subsidiært held klaga fram at kulturavdelinga ikkje har oppfylt rettleiingsplikta, jf. fvl. § 11

Feil faktum

Klaga held fram at kulturavdelinga sitt grunnlag for å avslå søknadane, «ein manglar rett til bruk av grunn» er ei grunnjeven som byggjer på feil faktum.

Fylkesdirektøren vurderer at søknadane frå Førde kommune som er omfatta av klaga, manglar dokumentasjon på rett til bruk av grunn. Dette ifølgje grunnboksutskriftene som ligg ved søknadane. Der er det ikkje Førde kommune som er heimelshavar til eigedomane. Til søknadane for kunstgrasbaner fotball ligg det ikkje ved dokumentasjon på eigdomsforhold i det heile.

Føresegnene for spelemiddelordninga er klare på kva som er dokumentert rett til bruk av grunn:

«2.2.5 Krav om eigdomsrett eller feste-/leigerett til grunn

Søkjaren må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal liggje. Denne retten skal dokumenterast og ha heimel i eit av følgjande forhold:

- *tinglyst eigdomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka*

- *tinglyst feste-/leigerett av minimum 30 års varigheit, som skal dokumenterast med stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen og stadfesta utskrift av grunnboka*
 - *avtale av minimum 30 års varigheit med kommunen/fylkeskommunen om bruk av grunnen, når det gjeld anlegg på kommunal eller fylkeskommunal grunn*
- I heilt spesielle tilfelle kan departementet, etter føregåande skriftleg søknad, dispensere frå dette kravet. Søknaadsfristen er 15. november 2013.»*

Det er også etter føresegnene punkt 6.1.4 Førde kommune sitt ansvar å syte for at alle spelemiddelsøknader frå kommunen inneheld korrekte vedlegg.

Som Førde kommune framheld i klaga så er dei i ein rettsprosess rundt eigedomstilhøva. Fylkesdirektøren har ved handsaming av søknadane vore i kontakt med kulturdepartementet og undersøkt korleis ein skal vurdere spørsmålet om rett til bruk av grunn når ein rettsprosess om skjønning for ein eigedom der eit idrettsanlegg er plassert ikkje er avslutta. Svaret frå kulturdepartementet er at dersom rettsprosessen ikkje er avslutta kan ein ikkje godkjenne søknaden fordi søkjar då ikkje har rett til bruk av grunnen, ut frå dei kriteria som er lagt til grunn i føresegnene for denne tilskotsordninga.

Alle søknadane for anleggseiningane klagen omhandlar har ein felles avslagsgrunn; søkjar manglar dokumentert rett til bruk av grunn. I tillegg har anlegga sandvolleyballbane, skatepark, friluftslivsanlegg og rulleskiløype også andre avslagsgrunnar.

Fylkesdirektøren viser til tilsvarande sak i 2013, anleggsstad 1420 0075, *Fjordstien*, der Sogndal kommune var søkjar. Her vart søknadar avslått, mellom anna med bakgrunn i manglande rett til bruk av grunn så lenge rettsprosessen ikkje var avslutta.

Fylkesdirektøren viser også til at rettsprosessen kring eigedomstilhøva for grunnen på anlegga i Hafstadparken som er omfatta av klagen ikkje var avslutta innan 15.03.2014. Dette er fylkeskommunen sin årlege frist for innsending av oversynet over godkjende og ikkje godkjende spelemiddelsøknadar til Kulturdepartementet, og handsaminga av alle søknadane i fylket må vere ferdig innan denne fristen.

Klaga held fram at Bystien etter kommunen si oppfatning er ei tilsvarande sak. Spelemiddelsøknaden for anleggsnummer 1432 0079 01, *Bystien tursti*, vart handsama i 2011. I søknaden er eigetilhøvet til grunn dokumentert med eit vedtak frå Fylkesmannen, datert 27.10.2010, med samtykke til førehandsovertaking av grunn til utbygginga av Bystien. Søknaden om spelemidlar fekk status godkjent i 2011 og fekk ei løyving på kr 700 000 same år.

Avklaringar med kulturdepartementet ved handsaminga av søknad om spelemidlar til Fjordstien i 2013 gjer at fylkesdirektøren tolkar regelverket annleis enn i 2011, i tråd med kulturdepartementet sine avklaringar. Så sjølv om Hafstadparken har same type godkjenning frå fylkesmannen som Bystien hadde i 2011, er godkjenninga ifølge Kulturdepartementet ikkje tilstrekkeleg.

Utgreiingsplikt

Jf. fvl § 17 skal forvaltningsorganet påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Fylkesdirektøren var i dette tilfelle kjent med Førde kommune sine avtalar om overtaking av grunn. I møte er det etterlyst riktig dokumentasjon frå Førde kommune. Den har ikkje kommunen vore i stand til å levere. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at fylkeskommunen kunne gjort meir for å skaffe riktig dokumentasjon. Viser også til føresegnene punkt 6.1.4 som slår fast at det er Førde kommune sitt ansvar å syte for at alle spelemiddelsøknader frå kommunen inneheld korrekte vedlegg.

Realitetshandsaming

Klaga held vidare fram at når søknadane er avslegne på formelt grunnlag vart dei ikkje realitetshandsama, og at dette høgst truleg har påverka resultatet. Fylkesdirektøren vurderer det slik at søknaden er realitetshandsama i og med at søknadane inkl. vedlegga er gått gjennom og vurdert i høve til om dei oppfyller kriteria for å få spelemidlar. Fylkeskommunen har også invitert og hatt møte med Førde kommune den 27.02.2014. I møtet vart det gitt tilbakemeldingar om manglar ved søknadane. Fram til 15.03.14 var det høve til å rette opp

manglar, og denne moglegheita vart gitt til Førde kommune. Søknadane er avslegne på formelt grunnlag, men dei er også realitetshandsama.

Rettleiingsplikt

Klagar framheld subsidiært at fylkeskommunen ikkje har oppfylt rettleiingsplikta, jf. fvl §11. Fylkesdirektøren framheld at kulturavdelinga har hatt møte med Førde kommune 27.02.2014 og har gitt tilbakemeldingar om manglar ved søknadane. Møtet vart arrangert etter initiativ frå kulturavdelinga, i stor grad på grunn av kompleksiteten for Hafstadparken, og at det kunne vere behov for særskild oppfølging av søknadane knytt til denne anleggsstaden.

Fylkesdirektøren har også lagt vekt på å arbeide for kompetanseheving generelt og har arrangert opne kurs for alle som skal søkje om spelemidlar, inkludert kommunane. Førde kommune har delteke på slik samling. Fylkesdirektøren har vidare svart på spørsmål knytt til spelemiddelsøknadane for Førde kommune, både munnleg og skriftleg, når kommunen har teke kontakt.

Søknaden om spelemidlar til Hafstadparken vart fremja også i 2013, og vart då godkjent. I etterkant av 2013-handsaminga har fylkesdirektøren, m.a. gjennom arbeid med Fjordstien i Sogndal innsett at dokumentasjonen på rett til bruk av grunn i denne søknaden ikkje var tilstrekkeleg.

Fylkesdirektøren vil også framhalde at fylkeskommunen kunne vore meir presis i grunngjevinga for avslaget og vist til at Førde kommune manglar godkjent dokumentasjon på rett til bruk av grunn. Dette endrar likevel ikkje på faktum at Førde kommune ikkje var ferdig med rettsprosessen kring eigedomstilhøva for grunnen, og følgjeleg ikkje kunne legge fram dei godkjente vedlegga og difor ikkje har ein godkjent spelemiddelsøknad pr. 15.03.14. Søknadane kunne difor ikkje godkjennast for 2014-tildelinga av spelemidlar. Det ligg også ei opning for kommunen til innan 15. november å søkje kulturdepartementet om dispensasjon frå kravet om tinglyst feste-/leigeavtale. Førde kommune har kunnskap om denne opninga.

På bakgrunn av dette meiner fylkesdirektøren at det ikkje er gjort sakshandsamingsfeil i denne saka.

Nye opplysningar i saka

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at Førde kommune i klaga har kome med nye opplysningar i saka.

Skjønn

Det skjønn som er utøvd i denne saka er i samråd med føringar frå kulturdepartementet, og tidlegare praksis i tråd med retningslinene. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er gjort urimelege vurderingar i denne saka.

Dersom Førde kommune får medhald i klagen, anten hos hovudutval for kultur eller hos kulturdepartementet, vil kulturdepartementet forskottere utbetaling av 2015-tildelinga med bakgrunn i plassering i handlingsprogrammet i regional plan og på prioriteringslista frå Førde kommune.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Førde kommune ikkje får medhald i klagen over avslag om spelemidlar, jf. vedtak i HK-sak 29/14.

Saka vert sendt til kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.